

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 15/13110-14
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

3365/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 27.01.2016

Vedlegg til sak:**Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune.****Saksutgreiing for Traudalen kraftverk****1. Omtale av tiltaket.**


Tiltaket er planlagt i Traudalselva som er den eine av to hovudelvar i det verna Ryggvassdraget (Verneplan IV). Elva kjem frå Traudalsvatnet (333 moh) og renn østover til samløp med Langdalselva (85 moh) og vidare nordover som Ryggelva til Gloppefjorden. Frå inntaksområdet ved Ryggjastøylen renn elva bratt nedover, dels på grusmassar og dels i elvegjel på fjell. Kjördalselva renn inn i elva frå sør på kote 235. Lenger nede renn elva utfor Holfossane før den flater ut ved samløp med Langedals-elva. Det går bilveg opp til Ryggjastøylen. Det er søkt om to alternative utbyggingsløyningar: kraftstasjon ved elva (Mogjølet) og kraftstasjon ved stølsvegen (Kvernhusaugen).

Søkjjar er Traudalen Kraftverk AS, som er eit selskap eigd av fallrettseigarane.

Traudalen kraftverk


Tilsiig	
Nedbørsfelt , km ²	22,14
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	2,156
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	100
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	500
Fem-persentil* vinter, liter/sek	100
Kraftverk	
Inntak, kote	312
Avløp, kote	83
Lengde påvirka elvestrekning, km	1,87
Brutto fallhøgde, meter	229
Slukeevne, maks m ³ /sek	0,55
Slukeevne, min m ³ /sek	0,055
Installert effekt, maks MW	1
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	500/100
Brukstid, timar	7000
Produksjon	
Årleg middel, GWh	7
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	15,5
Utbyggingspris, kr/kWh	2,22

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.



Alternativ 1. Kraftstasjon ved elva.

Det er planlagt inntak ved Ryggjastøylen med ein lav terskel over elva og inntakskanal på nordsida av elva. Nedgravd rørgate er planlagt langs stølsvegen og vidare nedover ein eldre skogsveg/ stølsveg før den går i utmark nedover langs elva til kraftstasjon ved Mogjølet, kote 83. Under alternativ 2. er nedre delen av rørgata planlagt langs stølsvegen til kraftstasjon ved Kverhusaugen, kote 92. For å kunne oppnå tilsvarande produsjon som under alternativ 1, er det lagt til grunn litt større slukeevne under alt. 2. Avløpet frå kraftstasjonen vil bli ført til elva gjennom avløpsrør. Kraftstasjonbygget vil få ei grunnflate på 70 m² og eit uteområde på ca. 0,9 da. Eksisterande veg og skogsveg vil bli brukt i anleggspæriaoden. Under alt. 1 vil det bli bygt veg ned til kraftstasjonstomta. Nett-tilknytning vil bli via ca. 80 meter ny kraftlinje over elva til eksisterande nett. For alternaiv 2. vil tilsvarande ny linje bli ca. 250 meter lang.



Alternativ 2. Kraftstasjon ved stølsvegen. Avløp i rør ned til elva. Kostnad: + 0,9 mill. kr.



Inntaksområdet. Terskel er skissert.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er lagt opp til minstevassføring tilsvarande 5-persentil, 500 liter/sek i sommarsesongen og 100 liter/sek i vintersesongen. Kraftverket vil i gjennomsnitt utnytte ca. 20% av vassføringa i elva over året.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Det er ikkje venta nemnande konsekvensar av tiltaket.

Konsekvensar for biologisk mangfald. Aurland Naturverkstad, sept. 2011. Sitat side 21-22 i rap.

Bygging av Traudalen kraftverk vil redusere middelvassføringa med 25%. Reduksjonen vil høgst truleg ikkje vere stor nok til målbare endringar i vegetasjon og naturtyper langs elva. I flaumar og periodar med høg vassføring vil elva framleis gå stor. Det er ikkje truleg at tiltaket vil gje vesentleg reduksjon i botndyr eller øydelegging av gytemoglegheit for bekkeare. Restvassføringa vil og oppretthalde moglegheitane for hekking og næringssøk for fossefall. Toppene på flaumane kan verte redusert noko, slik at oversvømming av flaummarksskog skjer meir sjeldsynt. Gråor-heggeskogen vert likevel ikkje trua av dette, og omfanget på skaden bør reknast for lite. Lokaliteten sitt største trugsmål er gran som tydeleg er i spreiding på plassen. Side-elva i bekkekløftlokaliteten vil ha vatn i kortare periodar enn i dag. Mosesamfunna i dette elvefaret er tilpassa lange periodar med lite eller ingen vassføring. Det vil truleg kunne oppretthaldast. Inngrepa går på langs av trekkretningen i den registrerte trekkvegen for Hjort. Det er forventa at hjort vil verte forstyrra, og nytte området mindre i anleggsperioden. Inngrepa er ikkje forventa å påverke hjort utover dette. Tiltaket vil ikkje påverke lakseførande strekning utover noko seinka temperatur på varme dagar for delar av vatnet. Forskjell-ane er forventa å verte små. Dei fysiske inngrepa vil ikkje skape inngrep i naturtypar vurdert som særleg verdifulle for biologisk mangfald. Røyrgata vil i stor grad fylgje veg eller sti som tidlegare har vore traktorveg. Strekningane utanom veg vil gå gjennom blåbærskog. Inntakes-dammen vil demme opp ei flate med omlag 300 m² i areal. Langs elvebredda her veks lågurtskog med bjørk. Kraft-stasjonen alt. 1 vil ligge i open blåbærbjørkeskog. Alt. 2 vil ligge like ved vegen i litt fuktigare skogs-mark, av typen lågurtskog med bjørk, gråor og rogn i tresjiktet. Skogen her er av ung til middels alder og er tettvakse. Trase for utførsle av straum er ikkje avgjort pr. dato, men denne vil gå gjennom skogs-mark og mogleg dyrkamark. Det er ikkje observert verdifulle skogstypar i områda mellom kraftstasjon og aktuelle påkoplingspunkt. Omfanget av inngrepa vert ut frå ovanforståande skildring vurdert å være lite. Dette gjer at tiltaket vil få ein liten negativ konsekvens (-) for biologisk mangfald.

Avbøtande tiltak

Av omsyn til den rike fuglefaunaen på Sandane og til rovfuglane i nedbørsfeltet til Ryggelva, vert det tilrådd å nytte jordkabel for straumutførsle. Det er viktig at utløpsvatnet vert slept ovanfor lakseførande strekning. Dvs. noko over den siste kulpen fisken går til framfor å sleppe vatnet ut i sjølve kulpen.

Landskap og INON.

Ingen konsekvens.

Kulturminne og kulturmiljø. Sitat s. 26 i søkn.

Det er ikkje kjent at det er automatisk freda kulturminne i influensområdet. Frå Grov til Ryggjastøylen går det ein gamal trappestig som vert halden i hevd på dugnad. Trappestigen ligg i stor avstand frå utbygginga og vil i det heile ikkje bli berørt. Ved Traudalsosen er det ifølgje Kulturminnesøk (Riksantikvaren) registrert to kulturminne ved Traudalsosen

Brukarinteresser. Sitat s. 27 i søkn.

Området frå Ryggjastøylen og nedover er i dag mykje brukt. Frå Grov går det bomveg opp til parkeringsplassen ved Ryggjastøylen og denne er mykje brukt både av grunneigarar, folk som vil fiske i Traudalsvatnet, hytteigarar og vanlege turgåarar. Traudalen og fjella omkring er populære som turområde både for fastbuande og tilreisande. På Traudalsvatnet leiger grunneigarane (sameiga) ut båtar til turistar og sel fiskekort. Trappestigen frå Grov til Ryggjastøylen vert framleis mykje brukt av turgåarar, idrettslaget brukar å legge turorienteringspostar i øvre og nedre ende. Området blir brukt til hjortejakt om hausten, men er elles svært lite nytta som jaktområde. Som heimeutmark vert området også nytta til skogsdrift. Her har vore noko flatehogst, som til dels etterpå vert tilplanta med gran. Det føregår ikkje noko fiske i elva på den strekninga som er tenkt utbygt. I området i nærleiken av der kraftstasjonen vil ligge, er det sandførekomster som har vore noko utnytta.

Samfunnsmessige verknader.

Samla investering er kalkulert til 15,5 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggaren og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 2,22 kr/kWh, som er langt under middels pris.

Sumverknader/samla belastning. Sitat side 29 i søkn.

Influensområdet for Traudalen kraftverk utgjer ein viktig innfallspurt til Naustdal/Gjengedal landskapsvernomsråde frå nord. Tiltaket vil likevel ikkje ha nokon negativ innverknad på landskaps-

vernområdet sine kvalitetar, korkje som tur- eller naturområde. Det er gitt konsesjon til eit småkraftverk i same vassdraget og søkt konsesjon for eit prosjekt til. Alle tre prosjekta er avgrensa til 1 MW som følgje av vassdraget sin vernestatus. Ingen av prosjekta vil påverke vassføringa i det respektive delvassdraget slik at flora og fauna i vassdraget vil endre seg. Samla belastning på vassdraget sin lakseførande del vil dessutan vere heilt ubetydeleg, fordi alle prosjekta har utløp over lakseførande del av elva. Kraftverka vil samla sett ikkje ha negativ påverknad for nokon bruk av området, korkje i nærings samanheng eller for rekreasjonsføremål..

Avbøtande tiltak. Sitat side 30 i søkn.

Det er lagt opp til å sleppe minstevassføring frå inntaket tilsvarande 5-persentil, 500 liter/sek i sommarsesongen og 100 liter/sek i vintersesongen.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 7,0 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 15,5 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 2,22 kr/kWh, som er langt under middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, nedgravde rør, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i Traudalselva over ei strekning på 1,9 km.

Landskap, friluftsliv og turisme.

I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkesrådmannen meiner at ei slukeevne på om lag 25% av middelvassføringa er i tråd med desse retningslinjene.

I fylkeskommunen sin regionale plan med tema knytt til vasskraftutbygging er det er ikkje markert arealinteresser i verna vassdrag. Traudalselva er eit viktig landskapselement for området lokalt. Midtre deler av elva er synleg frå Sandane-området ved store vassføringar. Fylkesrådmannen meiner at ei ev. utbygging må baserast på alternativ 1. og at det vert ei felles løysing for nett-tilknytning saman med Moane kraftverk, ev. Langedalselva kraftverk basert på jordkabel langs sørsida til Ryggelva.

Kulturminne frå nyare tid

Traudalselva ligg i Ryggvassdraget og har eit vern etter verneplan IV. Elva utgjer her eit vesentleg landskap- og opplevingselement. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Ryggjastøylen utgjer eit viktig kulturmiljø med fleire SEFRAK- registrerte bygningar frå 1800 talet. Ryggjastøylen utgjer eit heilskapleg kulturmiljø, med stølsvollar, stølshus, tufter, steingarar og andre synlege strukturar i landskapet. Det er tydeleg at stølsområdet har vore i bruk over lang tid. Stølsvollene er fremdeles opne, med ei viss gjengroing i kantvegetasjonen. Sjølv om det ikkje er planlagt større inngrep direkte på stølsvollen, vil likevel planlagde inngrep som røyrløysing og inntaksdam påverke kulturmiljøet og dei gamle strukturane både over og under bakken. I konsesjonssøknaden er det nemnt ei vassveit som tek vatn frå elva og ned til Grov. Slike gamle vatningseiter er i dag viktige kulturminne og element i kulturlandskapet. Ved ei eventuell utbygging, må det ikkje gjerast tiltak som fører til at vatningsveita tar skade eller vert øydelagt.

Om det vert gjeve løyve til utbygging, på ein slik måte at kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, stein-gardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst moglege synlege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, grøfter, vegskråningar og riggområde, etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Dersom det blir gjeve konsesjon, må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i samband med utarbeiding av MTA-plan. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i samband med undersøkingsplikta. Dersom det blir gjeve konsesjon, ber vi om at NVE set dette inn i konsesjonsvilkåra. Ei registrering må gjerast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Kulturavdelinga i god

tid før arbeidet kan gjennomførast og bereknast tilstrekkeleg tid til event. etterfølgjande arbeid. Tiltak og anleggsverksemd må tilpassast kulturminne og kulturminneområde.

Krav om oppfølging av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i samband med utarbeiding av MTA-plan, må settast som konsesjonsvilkår.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve i tråd med alternativ 1. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.